



Vekeplan skuleåret 2020/2021

Klasse: 4A og 4B

Vekenummer: 3

		MÅNDAG 18/1	TYS DAG 19/1	ONSDAG 20/1	TORSDAG 21/1	FREDAG 22/1
1	09.00 09.45	Utedag	4A: Stasjonar 4B: Engelsk	Tema	4A: Tema 4B: Minecraft	Tema
2	09.45 10.30		4A: Stasjonar 4B: Engelsk		4A: Engelsk 4B: Minecraft	
3	10.45 11.30		Symjing	4A: Musikk 4B: Tema	Tema	
4	12.00 12.45	4A: Tema 4B: Musikk		4A: Engelsk 4B: Naturfag	4A: Minecraft 4B: Matte	
5	12.45 13.30	4A: Minecraft 4B: Naturfag		4A: Minecraft 4B: Norsk		
6	13.45 14.30		4A: Naturfag 4B: Norsk	4A: Matte 4B: Tema		

Norsk Til fredag	Les «Dei ville og dei tamme dyra» s. 22 i Leseforståing 4. Les minst to gonger. Svar på A- og B-oppgåvene s. 23. Hugs å svara med heile setningar.
Matematikk Til fredag	Gjer leksearket som ligg på Teams. Før oppgåvene i Leksebok 1 (hugs marg og overskrift). Pugg 6-gongen (den står på baksida)
Engelsk 4A: Til torsdag 4B: Til torsdag	Lekse i oppgaver på teams. «Homework week 3» Leseteksten ligg også på engelskkanalen.

Leselekse:

Til tysdag: Lese 15 minutt i valfri bok	Til onsdag: Lese 15 minutt i valfri bok	Til torsdag: Lese 15 minutt i valfri bok	Til fredag: Lese 15 minutt i valfri bok
--	--	---	--

4A: Beate Neset, beate.flugheim.neset@sogndal.kommune.no, tlf: 97 04 20 26

4B: Elisabeth Skau, aud.elisabeth.skau@sogndal.kommune.no, tlf. 957 82 753



Mål/tema:

Norsk: Lære forskjellen på verb, adjektiv og substantiv. Kunne plukka dei ut i setningar og bøye

Matematikk: Divisjon

Engelsk: Kap 4: Visit me! Ask and answer questions.

Naturfag: Kroppen vår – organa og nervesystemet

KRLE: Kristendom – Jesu liv og lære

Samfunnsfag: Frå stein til jern

Kunst og handverk: Sløyd/strikking/fotografering

Kroppsøving: Symjing

Meldingar til heimen

Måndag vert utedagen på skuleområdet. Me tenkjer å gå på ski og ha ulike skileikar på idrettsbana. Me lagar bål i Holerunane og er ute heile dagen. Ta med ski og skisko (ha gjerne vanlege vintersko òg viss me skal aka litt), mat (gjerne bålmat), drikkeflaske og sitjeunderlag. Hugs klede og sko etter vêret (gjerne bytesokkar og -vottar).

Det vert symjing tysdag. Hugs frukt, matpakke og drikkeflaske i symjebagen. Dei som har langt hår må ha strikk. **NB! Det er alt for mange som reiser til Vesterland utan lua. I desse tider, som ein må vera heim når ein er litt forkjøla, ønskjer me at ALLE skal ha med lua innover.**

I veke 3 til 5 har me tema om samane. Dette er eit tverrfagleg tema, der me brukar faga K&H, M&H, samfunnsfag, KRLE og norsk.

Torsdag har 4. klasse skøytebana i matfriminuttet. Dei som vil kan ta med skøyter denne dagen. Hugs i so fall hjelm! Skulen har ein del skøyter til utlån òg, så dei som vil låna må ta med hjelm (sykkelhjelm er ok).

Sogndal kommune har ein konkurranse der ein i Minecraft skal bygga korleis ein tenkjer seg at lokalsamfunnet ser ut i 2050. Me kjem til å bruka nokre timar i veka til å arbeida med dette.

Me ser at gongetabellen ikkje sit heilt endå, så difor vil det kvar veke framover vera matteleksa å pugga ein gongetabell. Denne veka vert det 6-gongen. Så håpar me at den sit etter kvart 😊

Leksehjelp er tysdagar kl. 14.30-15.30 og fredagar 13.30-14.30.
Påmelding på Visma.

Beate 4A og Elisabeth 4B

4A: Beate Neset, beate.flugheim.neset@sogndal.kommune.no, tlf: 97 04 2

4B: Elisabeth Skau, aud.elisabeth.skau@sogndal.kommune.no, tlf. 957 82 7

6-gangen

$1 \times 6 = 6$

$2 \times 6 = 12$

$3 \times 6 = 18$

$4 \times 6 = 24$

$5 \times 6 = 30$

$6 \times 6 = 36$

$7 \times 6 = 42$

$8 \times 6 = 48$

$9 \times 6 = 54$

$10 \times 6 = 60$